

Påskehelsing frå Dønhaug gardsbarnehage.

12.04.2017



Vi storkosar oss.

Det skjer mykje kjekt både i barnehagane og på skulen for tida. Kvar år på denne tida gler barna i Dønhaug gardsbarnehage seg over å følgja med på lembinga, bli kjent med nye lam og følgja med på utviklinga deira utover våren. Nedanfor gjegjev vi helsinga som gardsbarnehagen har sendt til lesarane.



Så mjuk og god å klappa.

Årets høgdepunkt er for vår del i gong no, nemlig lembinga. Sender dåke nokre bilete av ein liten gjeng som var borte i sauehuset til Olav Bringedal i går og endeleg kunne helsa på søte små lam.

No gledar vi oss til tida etter påske, då det vert mange turar opp til sauehuset og bort til Olav, for å følga med vidare. Vi har følgt med sauene heile året, sett siste tida at dei har lagt godt på seg. Innimellom får vi med oss ein fødsel, og vi håpar vi får sjå det i år og.

Flaskelamma er ekstra kjekke for oss, sidan vi kan gå inn til dei, og klappa og halda på dei. Vi lærer oss å vera forsiktige med desse små, og ta hensyn til deira signal og behov. Går lamma vekk, vil dei ha fred, og kjem dei til oss vil dei ha kos.

Vi vil ønska alle ein god påske!!!



Mykje kjekt og spennande å sjå.



Stolt mor med nyfødde lam.

Tekst og foto: Dønhaug gardsbarnehage/ Helene H. Bjørnebøle
Nett: Thor Inge Døssland